

Snart 100-årsjubileum for kyrkja

18.03.2010



Møyfrid Kristoffersen er ny leiar i soknerådet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I 2014 er kyrkja i Uskedalen 100 år og soknerådet har bestemt at det skal lagast eit jubileumsskrift som det vil bli arbeidd med no framover.

Det opplyser soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen til uskedalen.no



Kyrkja i Uskedalen blir vigsla 16. desember 1914. Foto henta frå ungdomslaget sitt arkiv.

På spørsmål om andre saker som soknerådet vil prioritere å arbeida med framover nemner ho mellom anna tilsetjinga av ny sokneprest og trusopplæringa.

-Kva er soknerådet si oppgåve med omsyn til trusopplæringa?

-Alle barn som er døypte har krav på trusopplæring, 315 timer frå 0 til 18 år.

Soknerådet skal jobbe med ei kartlegging av allereie eksisterande aktivitetar i Uskedalen og bidra til ein plan. Truleg blir det ein felles plan for heile kommunen, som gjev grunnlag for å søkja av midlane som staten løyver til dette føremålet.

Ved tildeling av midlar vil desse bli forvalta av Fellesrådet.

- Og så har soknerådet mange faste oppgåver gjennom året..

- Jau, eg kan i fleng nemna at vi er kyrkjevertar ved kvar gudsteneste, at vi avgjer kva kollektane skal gå til og diverse oppgåver knytte til sjølve kyrkja, som dåpsklutar, bok-kasse og ny salmebok.

Vidare skal vi vera med og organisera eventuelle gudstener andre stader enn i sjølve kyrkja, delta i Fellesrådet, organisera konfirmantene si Fasteinnsamling som forresten skjer no tysdag, konfirmasjonen, julekonsert, eventuelle soknemøte og årsmøte.

Av Ola Matti Mathisen



Reparasjonar av kyrkja må til frå tid til annan og har nyleg skjedd. Men det er Fellesrådet sitt ansvar. (Foto: Ola Matti Mathisen)